

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 18.06.2015

**Aud Karin Oen** sette fram slikt forslag:

"Alternativ til innstillinga:

1. Staten må dekka 70% av investeringeskostnadene for bybanen i Bergen og styrka dei økonomiske rammene for drift av kollektivtrafikken.
2. Bergensbanen, E16 og E39 Stavanger – Bergen vert satsa på som dei viktigaste korridorane for nasjonal vekst og verdiskaping i vårt fylke. Fylkestinget prioriterer korridorane slik:
  - a) Ny Vossabane og E16 etter alternativ K5 inn i NTP frå 2018.
  - b) Gode og sikre bruksveger på heile strekninga Kristiansand-Trondheim. Sikring mot ras i Romarheimsdalen er høgt prioritert.
  - c) Fylkestinget meiner ei bru over Bjørnefjorden øydelegger eit verdfullt fjordlandskap. Tinget ber Regjeringa opne for ny vurdering av alternativ indre trase og alternativ ferje.
3. Overføringane til ferjedrifta må aukast betydeleg for å sikra ein meir driftssikker og miljøvennlig ferjeflåte i fylket.

Tillegg:

Fylket har som mål at alle ferjer og minst 80% av bussane skal ha nullutslepp seinast 2025.

Rassikring må omtalast som eit eige satsingsområde under transporttryggleik.

Tillegg:

Strategien må opne for tilskot til lågare pris på regiontog for å få fleire bilistar over til miljøvennlig og trafiksikker jernbane.

Strategien må opne for betre statleg finansiering av vedlikehald av fylkesvegar. Snittida for nytt dekke må bli halvert."

## Røysting

Innstillinga vart vedteken med 14 røyster mot 1 røyst (SV) for Oen sitt forslag.

## Vedtak

Fylkesutvalet står måla og strategiane i hovudrapporten "Utfordringer for framtidens transportsystem» for Nasjonal transportplan 2018- 2027, og vil også be om transportetatane legg opp til at

- Staten må dekka 70 % av investeringeskostnadene for bybanen i Bergen og styrka dei økonomiske rammene for drift av kollektivtrafikken.
- E39 Stavanger – Bergen vert satsa på som den viktigaste korridoren for nasjonal vekst og verdiskaping.
- Overføringane til ferjedrifta må aukast betydeleg for å sikra ein meir driftssikker og miljøvennlig ferjeflåte i fylket.
- Rassikring må omtalast som eit eige satsingsområde.
- E16 Bergen - Voss er ein viktig korridor for nasjonal vekst og utvikling og må prioriterast i fyrste del av planperioden. Dei akutte utfordingane på strekkja må løysast raskt og traseval for framtidig ny veg og bane må vedtakast i nær framtid.

Fylkesutvalet viser også til fylkesrådmannen sine merknader og sluttar seg til desse.